

Fråsegner fra Bremanger AP til Vestland AP 2026

SIKRE OPPSTART AV FYLKESVEG 614, SVELGEN – INDREHUS

Forslag:

Bremanger Arbeidarparti meiner at det må sikrast oppstart og framskunding av Svelgen – Indrehus. Vi foreslår å starte med vegsamanbindinga via den planlagde rundkøyninga på Rise, med tunnel gjennom Kruna, køyrebru over Riseelva og innkopling på vegoppstillinga mot Ålfoten og Bortnen.

Grunngjeving:

Fylkesveg 614 Svelgen – Indrehus var den høgst prioriterte fylkesvegutbygginga i gamle Sogn og Fjordane sin regionale transportplan (RTP). Vegen er ei viktig næringsåre på kysten som store bedrifter som Elkem Bremanger og Steinvik Fiskefarm med fleire er avhengige av for inn- og utfrakting av råstoff og ferdigvarer. Vegen er også avgjerande for å utvide bu- og arbeidsområdet i regionen. Med det planforslaget som ligg føre, blir strekninga korta ned frå 16 km til 7,2 km, med fire tunnelar: éin på 5,1 km og tre kortare på under 500 meter. Det er sjeldan at vegprosjekt gir så store reduksjonar i avstand og tidsbruk som Svelgen – Indrehus. Dagens veg er av så dårleg standard at den utgjer ein stor fare for tryggleik, miljø og sikkerheit for alle som ferdast der. Vestland Arbeidarparti må arbeide for fortgang i utbygginga av Svelgen – Indrehus.

Føresielege og rimelege straumprisar over tid

Forslag:

Bremanger Arbeidarparti meiner dei nasjonale straumprisordningane må vidareutviklast slik at både hushaldningar og næringsliv får stabile og føreseielege prisar over tid, samstundes som konkurransekrafta til kraftforedlande industri blir sikra.

Grunngjeving:

Innføringa av nasjonale straumprisordningar har gitt betre tryggleik for mange hushaldningar. Samstundes er det framleis behov for meir langsiktig føreseielegheit enn mellombelse støtteordningar kan gi. Både familiar og bedrifter treng stabile rammevilkår for å planleggje økonomi og investeringar. Den kraftforedlande industrien er bygd opp rundt norsk vasskraft gjennom meir enn hundre år og er avgjerande for arbeidsplassar og busetjing langs heile kysten. Skal Noreg lukkast med omstilling og ny industri, må vi både sikre eksisterande industri konkurransedyktige kraftvilkår og unngå at nytt stort kraftforbruk blir tildelt raskare enn ny produksjon kjem på plass. Difor må straumpolitikken vidareutviklast slik at han gir langsiktig stabile prisar for både hushaldningar og industri.

Rettferdig nettleige i heile landet

Forslag:

Bremanger Arbeidarparti meiner det må etablerast sterkare nasjonale

utjamningsordningar som sikrar meir lik nettleige for industri og hushaldningar i heile landet.

Grunngjeving:

Utbygging av straumnett er nødvendig for elektrifisering og klimamål, men kostnaden blir i dag i stor grad belasta lokalt. I område med mykje ny kraftutbygging og nettinvesteringar får innbyggjarar og næringsliv høgare nettleige enn i andre delar av landet. Dette svekkjer både busetjing og næringsutvikling i distrikta. Straumnett er ein del av den nasjonale infrastrukturen, og kostnadene bør fordelast breiare. Difor trengst sterkare nasjonale ordningar som jamnar ut forskjellane og sikrar rettferdige vilkår for både folk og industri.

Betre bemanning i barnehagane

Forslag:

Bremanger Arbeidarparti ser det som svært viktig å få på plass ei lovregulering som sikrar at bemanningsnorma i barnehagane gjeld for heile opningstida. For barnehagar med lang opningstid er bemanninga ofte langt dårlegare enn det bemanningsnorma tilseier.

Grunngjeving:

31. mai 2018 vedtok Stortinget å lovfeste eit minimumskrav til grunnbemanning for barnehagar. Bemanningsnorma krev at barnehagar har minst ein tilsett per tre barn under 3 år og ein tilsett per seks barn over 3 år. Bremanger Arbeidarparti meiner at denne grunnbemanninga må gjelde for heile opningstida. Dette er nødvendig for å sikre at det er tilstrekkeleg med vaksne på avdelingane, også når tilsette har plantid eller deltek i møter i opningstida. Ei tilfredsstillande bemanning gjennom heile opningstida bidreg til å sikre eit tilbod som er til det beste for barna og er eit viktig tiltak i det førebyggjande arbeidet for eit trygt og godt barnehagemiljø. Regjeringa har i Hurdalsplattforma som mål å forbedre bemanningsnorma slik at den sikrar barna nok tilsette. Dette skal blant anna skje gjennom å stille krav til vikarbruk, krav til stadleg leiar, og ved å gjennomgå oppgåver som tek tilsette bort frå barna, samt finansieringa av norma. Bremanger Arbeidarparti meiner at ei bemanningsnorm som gjeld for heile opningstida, vil styrke kvaliteten i barnehagane og sikre at barna får den tryggleiken og omsorga dei treng.

RESSURSKREVJANDE TENESTER

Forslag:

Bremanger Arbeidarparti meiner vi må styrke ressurskrevjande tenester i kommunane.

Grunngjeving:

Dei ressurskrevjande tenestene gjeld våre sjukaste innbyggjarar, og krev mykje av kommunane i form av både ressursar og kompetanse. Her er eit stort behov for forbetring av ordninga i form av reversering av gjennomførte kutt, samt styrke innsatsen mot denne sårbare gruppa. I tillegg må grensa på 67 år takast bort, det er for oss uforståeleg tilskotsordninga forsvinn straks ein fyller 67 år.

Bevar lærarnorma

Bremanger Arbeidarparti støttar Utdanningsforbundet i kravet om å bevare lærarnorma slik ho er i dag. Forslaga frå Kommunekommisjonen om å avvikle norma eller flytte henne til kommunenivå er etter vårt syn feil veg å gå. Skulen er ein grunnleggjande velferdsteneste, og elevane sin rett til oppfølging kan ikkje bli avhengig av kommuneøkonomi eller skiftande prioriteringar. Nasjonale minstekrav er nødvendige for å sikre like moglegheiter for barn og unge, uavhengig av kvar dei bur. Lærarnorma sikrar eit minimum av lærartettleik og tid til den enkelte elev. Dette er noko som er avgjerande i ein skule der elevgruppene er meir samansette og behovet for tilpassing aukar. Utan ei slik nasjonal minstestandard vil forskjellane mellom skular og kommunar auke, og dei elevane som treng skulen mest risikerer å tape. Arbeidarpartiet skal vere garantisten for fellesskulen og samtidig må staten gi kommunane økonomiske rammer som gjer det mogleg å oppfylle kravet. Vestland Arbeidarparti må arbeide for å vidareføre lærarnorma som nasjonal minstestandard på skulenivå.

Ferjetilbodet i ytre Nordfjord

Ferjene i ytre Nordfjord er ein del av vegnettet og avgjerande for kvardagen til folk. Dagens rutetilbod Stårheim-Isane og Måløy-Oldeide er ikkje godt nok tilpassa arbeidstid og familieliv. Mangelen på avgangar gjer at foreldre må gå tidleg frå jobb for å rekke barnehage og skule. I dag avgrensar rutene både arbeidsmarknaden og moglegheita til å bu i regionen. Særleg manglar det avgangar tidleg morgon og sein ettermiddag/kveld, noko som gjer det vanskeleg å kombinere heiltidsarbeid med familieliv. Fleire pendlarar må tilpasse arbeidstida si etter ferja og må velje i å komme for seint på jobb eller gå for tidleg. Sambandet Måløy–Oldeide har i tillegg fått lengre reisetid etter at ei raskare ferje vart bytta ut med ei mindre og tregare. I komande anbudsrundar må fylket leggje større vekt på overfartstid og stille krav som sikrar raskare ferjer, slik at sambandet igjen fungerer som ein reell del av vegnettet. Vestland Arbeidarparti må arbeide for fleire avgangar og ei raskare løysing på sambandet.

Tryggare rammer for folkevalde og betre rekruttering til lokalpolitikken

Forslag:

Bremanger Arbeidarparti meiner det må setjast sterkare nasjonalt søkelys på arbeidsvilkåra til folkevalde, og korleis vi kan sikre god rekruttering til lokalpolitikken. Vi ber Vestland Arbeidarparti arbeide for betre støtteordningar, rettleiing og førebyggjande arbeid som kan bidra til at fleire opplever det som trygt å ta på seg politiske verv.

Grunngjeving:

Eit velfungerande lokaldemokrati er avhengig av at folk ønskjer å engasjere seg. Samstundes gir mange folkevalde uttrykk for at rolla har blitt meir krevjande, og at belastninga i enkelte saker kan vere høg. Open og sakleg meningsutveksling er ein styrke for demokratiet, og folkevalde må tole å bli kritisert når kritikken er sakeleg begrunna. Usakeleg kritikk, hets og trugslar høyrer ikkje heime i demokratiet vårt, men er blitt eit aukande problem som kan føre til at belastninga blir så stor at folk

vegrar seg for å delta i politikken. For å sikre brei rekruttering og eit sterkt lokaldemokrati meiner Bremanger Arbeidarparti at det er behov for auka merksemd på korleis folkevalde blir tekne vare på, og kva støtte kommunane har tilgang til i dette arbeidet.

Like billetttilkår på Kystvegekspressen

Bremanger Arbeidarparti meiner kollektivtilbodet langs kysten må likestillast med tilbodet i resten av fylket. Kystvegekspressen er ein del av Skyss, men prisnivået gjer at reisande mellom Flora, Bremanger og Måløy i praksis ikkje har eit reelt kollektivtilbod. Ruta er viktig for arbeidspendling, utdanning og tilgang til regionale tenester. Når billettane er så dyre at folk vel bil, undergrev det både busetjing og klimamål. Vestland fylke har som mål å få fleire over på kollektivtransport - då må det også vere mogleg å pendle langs kysten.

I dag manglar ruta pendlarvenlege løysingar på linje med resten av fylket. Særleg strekninga Smørhamn–Måløy har eit prisnivå som gjer dagleg bruk lite realistisk. Det er behov for billettstruktur som gir føreseielege kostnader, som månadskort og overgangsbillettar slik ein har i andre område. Eit rimeleg og føreseieleg pristilbod er avgjerande for at fleire skal kunne nytte ruta til arbeidspendling. Vestland Arbeidarparti må arbeide for at Kystvegekspressen får billettordningar og prisnivå på linje med anna kollektivtransport i fylket, slik at også kysten får eit reelt kollektivtilbod.